Lykkeliv, framført ekte og usminka

Alida Tveita Blom frå Meland er ein av 13 modige ungdommar som deler av sine innerste tankar, draumar og forventningar. Dei er ikkje skodespelarar, men seg sjølv på scena.

Lise Viken

SEG SJØLV: Alida Tveita Blom frå Meland spelar seg sjølv i oppsetjinga «Lykkeliv». Foto: Lise Viken

Oppsetjinga «Lykkeliv» gjorde stor suksess på Den Nationale Scene i fjor. Etter mange oppfordringar frå publikum har dei valt å setje den opp att i haust.

Alida Tveita Blom var med på oppsetjinga i fjor også.

– Det er litt skummelt å utlevere seg sjølv, seier ho smilande.

– Alt eg seier i oppsetjinga kjem frå meg personleg.

Private tankar

«Lykkeliv» handlar om 13 ungdomar i alderen 16 til 21 år. Dei fortel om livet, reflekterer over kven dei er og kva dei står for. Dei deler sine private tankar, draumar og forventningar til samfunnet.

Noko av det unike med denne oppsetjinga er at alle ungdomane spelar seg sjølve. Tilbakemeldingane frå i fjor var at dei skapte sterke reaksjonar hos publikum i alle aldersgrupper. Å lytta til unge menneske på denne måten, har me aldri gjort før, heiter det.

I Europa har borgerteater alt blitt veldig populært. Konseptet handlar om «vanlege menneske», dei står sjølve på scenen og er direkte involverte i å skape stykket. Men det er profesjonelle kunstnarar som legg rammene. Det handlar om å utforske grenser for kva teater er og kan vere. Forteljingane har skapt store engasjement fordi dei går djupare i kvardagen og livet til folk.

> Å vere med i «Lykkeliv», har gitt meg mange nye vener og eit nytt perspektiv på ting.

– Eg har følgt ungdomane på ein rekke samlingar i fjor, fortel regissør og dramatikar Vibeke Flesland Havre.

– Alt dei har delt av tankar er sett saman til ein fullverdig oppsetjing. No har me hatt ein månad med øvingar og ei krevjande veke med prøver. Det har vore hardt arbeid, men også utrulig gøy, seier ho.

– Eg er djupt og inderleg imponert, og veldig glad i dykk seier ho til ungdomane under ein siste «pep-talk» før dørane blir opna og publikum strøymer inn.

Ei imponerande innleving og kraftfull dans framført av Shelmith Øseth Foto: Thor Brødreskift

DRAUMAR: Ungdomane i «Lykkeliv» deler sine eigne tankar og draumar. Foto: Thor Brødreskift

Nytt perspektiv

Alida Tveita Blom år til dagen på danselinja ved Langhaugen skule. Dans er ein stor lidenskap, noko ho deler med mange av dei andre i oppsetjinga.

– Men eg har ikkje bestemt meg for kva eg vil bli enno eg tar det litt som det kjem, seier ho.

– Å vere med i «Lykkeliv», har gitt meg mange nye vener og eit nytt perspektiv på ting. Også dei heime gjekk i tenkeboksen etter å ha sett oppsetjinga. Dei sat oppe nesten ein heil natt for å diskutere livet.

Sårbart og ærleg

Oppsetjinga er lagt til lillescenen, ein liten sal med berre fem rader. Det er ei ganske så intim og personleg oppleving for publikum.

Å ikkje bli berørt, er umogeleg. Dette er sårbart og ærleg, og gir eit reflektert bilete av korleis det er å vere ung i dag. Ungdomane snakkar rett frå hjartet og framstår som truverdige: Eit forteljarteater som kan anbefalast på det sterkaste.

Terningkast seks frå Strilen.

ÆRLEG: Usminka og ærleg frå «Lykkeliv» Foto: Thor Brødreskift